



# Lovvedtak 1

(2016-2017)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 20 L (2016–2017), jf. Prop. 137 L (2015–2016)

I Stortingets møte 13. oktober 2016 ble det gjort slikt

## vedtak til lov om endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte skal § 5 lyde:

**§ 5 Krav til bustaden**

Vilkår for å få rett til bustøtte er at bustaden

- a) er godkjend som bustad
- b) er ein sjølvstendig bustad med eigen *inngang*
- c) har eige bad og toalett og gjev *høve til matlaging, og*
- d) gjev *høve til kvile.*

*Personar som av helse- eller sosialfaglege årsaker bur i eit bufellesskap utan å høyre til same hus-*

*stand, kan få bustøtte på individuelt grunnlag der som kommunen godkjener at bustaden er eigna. Kommunen kan i vurderinga av om bustaden er eigna gjere unntak frå kvalitettskravet i første ledd bokstav b. Kommunen kan også gjere unntak frå krava i bokstav c dersom funksjonane som er nemnde der, er del av bufellesskapet elles.*

II  
Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

**Olemic Thommessen**

president

